

Saksframlegg

Saksbehandlar: Audhild Schaathun, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/210-1

Føringar for verkemiddelbruk 2017 Innovasjon Norge Sogn og Fjordane. Oppdragsbrev 2017

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur godkjenner tilsegnsbrev og føringar 2017 – Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Hovudutval for næring og kultur godkjenner retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker 2017 slik dei går fram av vedlegg 2.

Vedlegg:

1. Vedlegg 1: Fylkesdirektøren sitt framlegg til føringar for verkemiddelbruk 2017 – Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane 2017
2. Vedlegg 2: Fylkesdirektøren sitt framlegg til retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker 2017

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I denne saka skal hovudutval for næring og kultur vedta føringar for verkemiddelbruk 2017 gjennom eit oppdragsbrev til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane. Fylkestinget løyvde i budsjett 2017 (økonomiplan 2016-2018) 29,9 mill. kr. i rammeløyving til Innovasjon Norge for 2017. Oppdragsbrevet legg føringar for rammeløyvinga.

Budsjettforliket om Statsbudsjettet gav 60 mill.kr meir til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar på landsbasis. Vi veit på noverande tidspunkt ikkje kor mykje Sogn og Fjordane får av desse midlane. Fylkesdirektøren kjem tilbake med ei ny sak om fordeling av desse midlane når dette er klart.

2. Føringar for verkemiddelbruken

Bedriftsretta verkemiddel

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for den bedriftsretta satsinga. Midlane vert nytta som tilskot til bedrifter, påfyll av tapsfond i samband med utlån og til ordningar for etablerarar. Budsjettet er førande for verkemiddelbruken. Fylkeskommunen ønskjer at Innovasjon Norge i det bedriftsretta arbeidet tek ei aktiv rolle innafor satsingsområda i verdiskapingsplanen, og skildrar denne aktiviteten i si årlege rapportering. IN skal vidare ta ei aktiv rolle når det gjeld innovasjon og utvikling av ny teknologi. Eit skifte til grøn økonomi skal synleggjerast i IN sitt arbeide. Bedriftsretta initiativ som bygger opp under dette bør prioriterast. IN skal rapportere regelmessig tilbake til fylkeskommunen om desse søknadane. Når prosjekt vert finansiert av IN, skal det rapporterast om måloppnåing.

Samfunnsansvar

Fylkeskommunen ber Innovasjon Norge om å bidra til at potensiale for å auke konkurransevna gjennom auka fokus på samfunnsansvar, vert utnytta, og at miljøprofil og vektlegging av klimatiltak vert sikra ved tildeling av støtte til næringslivet.

Verdiskapingsplanen

Regional plan for verdiskaping vart vedteken i juni 2014, og legg føringar for arbeidet fram til og med 2025. Hovudsatsingane innafor næringsutvikling i 2017 samsvarar med satsingar som er peika på i planprogrammet. Både fylkeskommunen og Innovasjon Norge må sikre nok handlingsrom til å følgje opp planen. Innovasjon Norge har fått ansvar for gjennomføring av arbeidet med «Kunnskapsintensive forretningsmessige tenesteytande næringar». Det er også viktig å koordinere innsatsen gjennom Innovasjon Norge med midlar forvalta av andre aktørar. Dette må avklarast nærare i styringsdialogmøta.

Hovudsatsingar

Hovudsatsingane innan næringsutvikling i 2017 er dei same som i verdiskapingsplanen:

Næringsnøytrale satsingar

- Nyskaping
- Kunnskap

Bransjeorienterte satsingar

- Sjømatnæringane (havbruk og fiskeri)
- Fornybar energi
- Olje og gass
- Reiseliv
- Landbruksstrategi
- Industristrategi

Innovasjon Norge følgjer opp omstillingskommunane særskilt. Føringane i høve omstillingskommunane vert fremja i eiga sak til hovudutvalet.

Fylkeskommunen ynskjer å stø initiativ knytt til det grønne skiftet. Det er viktig at Innovasjon Norge, gjennom å stø gode prosjekt, kan vere med å løyse ut denne satsinga.

Koordinering og rolledeling

I utviklingsarbeidet må vi finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge (lån, tilskot og etablerarstøtte). Innovasjon Norge har fagkunnskapen om bedriftsretta satsing. Oppdragsbrevet er difor ikkje altfor detaljert, og skal ikkje automatisk overstyre faglege vurderingar. Gråsonesaker skal drøftast i løpande dialog eller i styringsdialogmøte. Det er utarbeidd eit notat med klargjering av rolledelinga mellom IN sine bedriftsretta tiltak og fylkeskommunen sine tilretteleggande tiltak, prinsipp for arbeidsdeling og rolledeling i finansieringssaker mellom Innovasjon Norge og kommunane, og andre presiseringar i høve samarbeidet knytt til kommunalt næringsutviklingsarbeid. Notatet ligg ved.

Det er også viktig å koordinere innsatsen gjennom Innovasjon Norge med midlar forvalta av andre aktørar. Dette må avklarast nærare i styringsdialogmøta.

Den regionale dialogen

Innovasjon Norge sine vedtekter §12 omhandlar den regionale dialogen etter at dei regionale styra vart lagt ned. For å ivareta dette er det ønskjeleg med politisk involvering gjennom

hovudutval for kultur og næring. Dette let seg beste løyse ved at IN og verkemiddelpolitikken vert tema på eit hovudutvalsmøte ein gong for året, der også representantar for sentral leiing i selskapet er med.

Eigarrolla

Eigarrolla som fylkeskommunen har andsynes Innovasjon Noreg vert ikkje omtala her. Denne rolla vert teken i vare gjennom styringsdialogmøta, og i eige notat eller sak til hovudutvalet.

3. Tiltråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur tilrår at:

1. Hovudutval for næring og kultur godkjenner tilsegnsbrev og føringar 2017 – Oppdragsbrev til Innovasjon Norge 2017 slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Hovudutval for næring og kultur godkjenner retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker 2017 slik dei går fram av vedlegg 2.